# Kort administrativ ordliste
## bokmål–nynorsk



Språkrådet

# Føreord

Denne ordlista er ei hjelperåd for offentleg tilsette som skal skriva nynorsk i arbeidet sitt. Både oppslagsorda og dei nynorske avløysarorda er plukka ut fordi dei er vanlege og nyttige i administrativt språk.

Lista er ikkje ei komplett administrativ ordliste for bokmål–nynorsk. Det finst mange fleire oppslagsord som burde ha vore med, og det finst heilt sikkert gode nynorske avløysarar som ikkje har fått plass.

Hugs at det aldri blir god nynorsk av mekanisk ord-for-ord-omsetjing frå bokmål. Tradisjonen og stilidealet i nynorsk er verbal og aktiv ordlegging i staden for substantivisk og passiv. Du kan lesa meir om nynorsk ordlegging på nettsidene til Språkrådet.

Nokre ord om oppsettet: Det står semikolon mellom avløysarorda når det er større tydingsskilnader mellom dei. Det står ein loddrett strek føre bruksdøme frå bokmål, som er sette i kursiv:

**adgang** tilgang, tilgjenge; høve, rett, lov (til) | *a- forbudt* ikkje tilgjenge

Når eit oppslagsord som er lånt frå bokmål til nynorsk, finst i identisk form i Nynorskordboka, står det ein opphøgd $^{n}$ føre oppslagsordet. I dei tilfella repeterer me ikkje ordet i avløysarlista:

$^{n}$**bemanning** arbeidsstokk, mannskap

I denne ordlista har me nytta a-infinitiv. A- og e-infinitiv er jamstelte i nynorsk, og me kan velja fritt mellom dei i statstenesta. Hugs berre å bruka anten a- eller e-infinitiv konsekvent i same tekst. Når oppslagsordet er eit verb som òg kan brukast i nynorsk, nøyer me oss med å setja ein opphøgd $^{n}$ føre det. Oppføringa $^{n}$**anbefale** tyder at det både kan heita *anbefala* og *anbefale* i nynorsk.

Statstilsette er pålagde å halda seg til hovudformene i rettskrivinga når dei skriv i arbeidet. I denne lista brukar me berre hovudformer.

## A

**adgang** tilgang, tilgjenge; høve, lov (til) | *a-forbudt* ikkje tilgjenge
**advarsel** åtvaring
**aktelse** vørdnad
**aktsomhet** aktsemd, varsemd | *vise a-* vera aktsam/varsam, passa på
**aktpågivenhet** aktsemd
**alminnelighet** alminnelegheit | *i (sin) a-* til vanleg, jamt over
$^{n}$**anbefale** rå til, tilrå $^{n}$**anbefaling** tilråding
**anbud** anbod
**andel** del, part, prosentdel; lut/lott
$^{n}$**anerkjenne** godkjenna; påskjøna; verdsetja **anerkjennelse** godkjenning; påskjøning; verdsetjing; anerkjenning
$^{n}$**angi** (t.d. i tabell:) føra opp, merkja av, syna, visa **angivelse** avmerking, oppføring, opplysning
$^{n}$**angå** gjelda, vedkoma
**anklage** klaga, skulda **anklagede** den skulda
$^{n}$**anledning** høve, tilfelle
**anmelde** melda **anmeldelse** (politi)melding; (bok)melding
**anmerkning** merknad
**anmode** be, oppmoda **anmodning** bøn, førespurnad, oppmoding
**ansatt** tilsett
**anselig** heller stor, monaleg
**ansette** tilsetja **ansettelse** tilsetjing
**anskaffe** kjøpa (inn), skaffa (seg)
**anskaffelse** (inn)kjøp, nyskaffing
$^{n}$**anslag** overslag, tal $^{n}$**anslagsvis** om lag, rundt rekna, kring $^{n}$**anslå** rekna til, setja til, talfesta
$^{n}$**anta** gå ut frå, leggja til grunn, rekna med; godta | *a-tt inntekt* pårekna inntekt **antakelig** truleg, venteleg, antakeleg **antakelse** meining, tru; godtaking
**antall** tal (på), mengd, kor mange
$^{n}$**antyde** nemna, ymta om; tyda på
**antydning** hint, varsel, ymt | *a- til* snev av, spor av, teikn til
**anvende** bruka, nytta **anvendelig** brukande, hendig, nyttig **anvendelighet** bruksverdi, (bruks)nytte, å vera nyttig, å vera lett å bruka | *miste sin a-* bli ubrukeleg **anvendelse** bruk, bruksmåte | *kommer til a-* skal brukast, skal gjelda **anvendt** (t.d. forsking:) bruks-, bruksretta, anvend
**arbeidsledighet** arbeidsløyse
**arbeidstillatelse** arbeidsløyve
**avgjørelse** avgjerd, avgjersle
$^{n}$**avhenge** (av) vera avhengig (av), stå på, stå og falla med **avhengighet** avhengigheit, binding, hang, tilknyting | *Stoffet kan skape a-* kan gjera folk avhengige
**avhold** fråhald, avhald
**avstedkomme** gjera, føra med seg, vera årsak til
**avstemning** røysting, avstemming
$^{n}$**avstå** avhenda, gje frå seg; gje avkall på
**avståelse** avkall, avståing, oppgjeving
**avta** falla, minka
**avveie** vega (mot kvarandre), avvega, vurdera **avveining** avveging, vurdering
**avverge** hindra, motverka, stogga, avverja

## B

**bearbeide** leggja til rette; tilverka (noko); påverka (nokon); arbeida (vidare) (med/på)
$^{n}$**bebreide** klandra, lasta
**bebyggelse** busetnad, bygningar, bygningsmasse, hus
$^{n}$**bedrift** verksemd
$^{n}$**bedømme** dømma (om), verdsetja, vurdera **bedømmelse** dom, omdømming, skjøn, vurdering, bedømming
**befaring** synfaring
**beføyelse** (eigar)(råde)rett, fullmakt, mandat; (òg brukt om:) åtgjerd
**begivenhet** hending, storhending
**begrep** omgrep, (ofte:) ord; tanke
**begrense** avgrensa
**begrunne** grunngje **begrunnelse** grunngjeving
$^{n}$**begynne** byrja, ta til **begynnelse** byrjing, fyrstning | *i b-n* til å byrja med
**begå** gjera (utføra, utøva)
$^{n}$**beherske** meistra **beherskelse** meistring, greie (på), kunnskap (om); sinnsro
**beholde** halda på, ta vare på, behalda
**bekjempe** motarbeida, motverka, kjempa mot, stri mot, yta motstand mot **bekjempelse (av)**

tiltak/innsats/kamp/strid (mot)

**bekostning** kostnad

[n]**bekrefte** stadfesta **bekreftelse** stadfesting

[n]**belaste** pressa, tyngja; leggja press/trykk/last på | *b- konto* trekkja frå, skuldskriva, [n]**belastning** påkjenning, trykk, press; skuldskriving

**beliggenhet** plassering, stad(val), (geografisk) leie | *ha fin b-* liggja fint til

[n]**belyse** gjera greie for, kasta lys over, klårgjera

**belønne** løna, påskjøna **belønning** løn, påskjøning

[n]**beløp** (penge)sum **beløpe seg til** koma på, kosta

[n]**bemanning** arbeidsstokk, mannskap, vakt

**beregne** rekna ut, rekna seg fram til, berekna **beregning** reknestykke, utrekning, berekning

**berettiget** rettkomen, velgrunna; som har rett til

**berøre** ha/få følgjer for, gjelda, koma inn på, vedkoma; koma nær, ta på **berørt** som det gjeld/vedkjem, part

**besette** (om stilling:) tilsetja (nokon) i

**besitte** eiga, ha **besittelse** eige (ei/eit), eigedom

**beskatte** skattleggja; utnytta **beskatning** skattlegging; utnytting

[n]**beskrive** forklara, greia ut om, omtala, skildra **beskrivelse** forklaring, omtale, utgreiing, skildring, beskriving

[n]**beskytte** verna, passa på, ta vare på **beskyttelse** vern

**beslutte** avgjera, vedta **beslutning** avgjerd, vedtak

**besparelse** innsparing

**bestemmelse** (i regelverk:) føresegn, regel; (allment:) avgjerd, fastsetjing

[n]**bestå av** ha, innehalda, vera samansett (av)

[n]**bestille** tinga [n]**bestilling** tinging

**betegnelse** nemning

**betinge** føresetja, krevja | *b- seg* setja som vilkår **betingelse** vilkår **betinget** på vilkår, vilkårsbunden **-betinget** -avhengig, -bunden, -styrt, -valda

**betjene** (eit lån:) betala, greia, svara for, betena; (ein maskin:) arbeida med, bruka, handtera, operera, styra, betena

[n]**betrakte** sjå på, vurdera [n]**betraktning** syn, synsmåte, tanke | *ta i b-* ta omsyn til, ikkje gløyma | *komme i b-* koma på tale, bli vurdert, vera aktuell

**betryggende** forsvarleg, sikker, trygg

[n]**bety** tyda; ha å seia, innebera | *dette betyr mye for oss* er viktig, har mykje å seia [n]**betydning** (inn)verknad, rolle, vekt, verdi; (språkleg, symbolsk:) tyding | *ha stor b-* vera viktig, ha mykje å seia | *få praktisk b-* få praktiske følgjer

**betydelig** monaleg, stor, viktig, ikkje liten, betydeleg

**bevilge** løyva **bevilgning** løyving

[n]**bevis** prov [n]**bevise** prova

[n]**bevilling** *(= tillatelse)* løyve

[n]**bevisst** medviten **bevissthet** medvit, bevisstheit

[n]**bidra** gjera sitt (til), hjelpa, medverka, yta [n]**bidrag** stønad, tilskot

**bifalle** godkjenna, samtykkja (i), slutta seg til

**bilag** vedlegg

**billighetserstatning** rettferdsvederlag

[n]**bistand** assistanse, hjelp, medverknad, støtte **bistå** hjelpa, stø(tta)

**bolig** bustad

**budskap** bodskap (ein)

## D

[n]**delaktig** med på, medansvarleg, medskuldig **delaktighet** medansvar, medskuld, medverknad, å vera med i/på

[n]**dyktig** dugande, i stand til **-dyktig** -før | *arbeidsd-* arbeidsfør **dyktighet** dugleik, dyktigheit

## E

**edruelighet** edruskap

**egenandel** eigendel

**egenerklæring** eigenfråsegn, -erklæring

**eie** eiga (eig – åtte – ått) | *eid av* i eiga til, som tilhøyrer

**eiendel** eigedel, eignelut

[n]**eksempelvis** til dømes

**enhet** *(= forvaltningse-)* eining, avdeling; *(= totalitet)* einskap **enhetlig** einskapleg **Enhetsregisteret** Einingsregisteret

**enhetsskole** einskapsskule

**enig** samd, einig **enighet** semje, einigheit

**enhver** alle, kvar, kvar (og) ein | *til e- tid* heile tida, når som helst, til kvar tid

$^{n}$**enkel** einfelt | *en e- sak* ei einfelt/enkel sak

$^{n}$**enkelt** einskild | *hver e- post* kvar (einskild/enkelt) post | *e-e mener* somme meiner

**enstemmig** samrøystes

$^{n}$**erfare** få vita, oppleva, røyna $^{n}$**erfaring** røynsle

$^{n}$**erstatte** koma/setja i staden for; gje vederlag for $^{n}$**erstatning** skadebot, vederlag

$^{n}$**erverv** arbeid, yrke $^{n}$**erverve** eigna til seg, tileigna seg, få råderett over, kjøpa (inn), skaffa (seg), ta over; (retts)vinning; overtaking $^{n}$**ervervsevne** arbeidsevne, inntektsevne

**etterkomme** retta seg etter, lyda

## F

**faglighet** fagkunne

$^{n}$**fatte** *f- beslutning*, *f- vedtak* ta avgjerd, gjera vedtak, avgjera, vedta

**ferdighet** dugleik, evne, tame, ferdigheit

**finne sted** bera til, bli halden, henda, skje

**fogd** fut

**foranstaltning** åtgjerd

**forbehold** atterhald

**forbeholde** halda/setja av (til/for), reservera, øyremerkja **forbeholden** atterhaldsam, atterhalden, avmålt, reservert, varsam **forbeholdt** bortlova, borttinga, oppteken, reservert, øyremerkt | *det er f- dem* det gjeld berre dei, dei er åleine om

**forberede** (føre)bu **forberedelse** førebuing

**forbigående** førebels, kortvarig, mellombels, forbigåande

**forbindelse** samband; (kjem.:) sambinding

**forbrytelse** brotsverk, grovt/alvorleg lovbrot

$^{n}$**fordel** føremon

$^{n}$**fordre** krevja $^{n}$**fordring** krav, tilgodehav(ande)

**foregå** gå føre seg, skje, henda

**foregående** førre, føregåande

**forekomme** vera; bera til, henda, skje; finnast

**forekomst** funn, førekomst, tilfelle

**foreligge** finnast, liggja føre, vera

$^{n}$**foreløpig** førebels

**forene** sameina, foreina

**forespørsel** førespurnad

**foreta** gjera, utføra

**foretak** føretak

**forføyning** åtgjerd

**forhenværende** tidlegare, eks-

$^{n}$**forhold** sak, tilhøve, ting | *det f- at* det at

**forholde seg** ha seg, høva, hanga/henga saman, stilla seg, vera

$^{n}$**forholdsmessig** (adv.:) etter måten/høvet (adj.:) høveleg, relativ, samhøvande; tilsvarande $^{n}$**forholdsvis** etter måten, nokså, relativt

**forhøye** auka, setja opp **forhøyelse** auke, auking, oppgang

**forrige** førre

**forseelse** misfaring, (jur.:) misferd

$^{n}$**forsiktig** varsam **forsiktighet** varsemd, forsiktigheit

$^{n}$**forskjell** skilnad $^{n}$**forskjellig** ulik, ymse

**forskuttere** betala/løyva på forskot, forskotera; (overført:) ta på forskot

**forståelse** forståing | *i f- med* i samråd med | *ha f- for* (òg:) skjøna | *allmennhetens f- av saken* korleis folk flest tolkar/forstår saka, korleis folk ser på saka

**forsvarlighet** *drøfte f-en av* drøfta om det er forsvarleg å

**fortegnelse** liste, oppgåve

$^{n}$**fortrinn** fordel, føremon; førerang $^{n}$**fortrinnsrett** førerett, forrett $^{n}$**fortrinnsvis** helst, særleg

**fortrolig** i trumål, fortruleg | *f- med* kjend/van med **fortrolighet** tillit, fortrulegheit; (god) kjennskap | *i f-* i trumål | *gjensidig f-* tillit mellom

**fortsatt** enno, framleis

**fortsette** halda fram, fortsetja **fortsettelse** framhald, fortsetjing

**fortløpende** etter kvart, jamleg, samanhangande, ubroten, fortløpande

**forurense** ureina, forureina **forurensning** ureining, forureining

**forutgående** føregåande | *f- kunngjøring* kunngjering på førehand

**forutsatt (at)** dersom, så framt

**forutsette** byggja på, føresetja, gå ut frå, krevja,

leggja til grunn **forutsetning** føresetnad, grunnlag, krav, vilkår
**forutsi** føreseia, seia på førehand, spå, varsla
**forutsigbar** føreseieleg, pårekneleg, venta(nde), som venta, som ein kan venta seg / rekna med / tenkja seg til **forutsigbarhet** føreseielegheit | *økt f- i driften* (òg:) meir føreseieleg(e vilkår for) drift
[n]**forvente** rekna med, sjå fram til, venta **forventet** pårekna, venta, forventa
**for øvrig** dessutan, elles
[n]**forårsake** føra til, gjera, valda, vera årsak/ opphav til
**fremdeles** enno, framleis
**fremragende** framifrå
**frihet** fridom, fritak
**frivillighet** friviljug/frivillig innsats, frivilligheit
**fullbyrdelse** fullføring

## G

**gjengi** gje att
**gjenkjenne** kjenna att **gjenkjennelse** attkjenning
[n]**gjensidig** innbyrdes, skiftevis | *gjøre en g- avtale* avtala seg imellom | (merk: ofte overflødig i bokmål:) *gi hverandre g- støtte* stø kvarandre, hjelpast åt | *Det handler om g- respekt* Det handlar om å respektera kvarandre **gjensidighet** gjensidigheit; (ofte:) motytingar, gjensidig hjelp | *Samarbeidet skal preges av g- i alle ledd* I alt samarbeidet skal partane vera jamlikar
**gjenspeile** spegla (av)
[n]**gjenstand** ting | *være g- for* koma ut for, møta, oppleva | *være g- for drøftinger* bli drøft(a)
**gjenstå** stå/vera att
**gjenvalg** attval
**gjenværende** attverande, som er/står att
**godtgjørelse** godtgjersle, løn, vederlag

## H

**helhet** heilskap | *i sin h-* alt (av), fullt ut, heile, uavkorta **helhetlig** heilskapleg, heilskaps-
**hemmelighet** løyndom, hemmelegheit
**henblikk** *med h- på* med sikte/tanke på
**henhold** *i h- til* etter, i samsvar med, med heimel i, i medhald av **henholdsvis** høvesvis, i same rekkjefølgje | (merk: ofte brukt utan grunn:) *Det skal bygges to blokker med h- sju og ni etasjer* Det skal byggjast to blokker, ei med sju og ei med ni etasjar
[n]**hensikt** føremål, mål, siktemål
[n]**hensiktsmessig** føremålstenleg, god, nyttig, tenleg **hensiktsmessighet** praktiske omsyn, nytteomsyn, føremoner | *vurdere h-en av* (òg:) vurdera om det svarar seg / det har noko for seg / ein bør
**henstille** be om, oppmoda om **henstilling** oppmoding, bøn
**hensyn** omsyn **hensynsfull** omsynsfull, omtenksam
**henvende** (seg) venda (seg), ta kontakt **henvendelse** førespurnad, kontakt; (meir spesifikt:) brev, spørsmål, søknad
**henvise (til)** visa (til) **henvisning** tilvising
**herav** av dette/denne/desse
**herunder** irekna, medrekna, av dette/denne/ desse
**hjemmel** heimel **hjemle** heimla
**hvorav** av dette/denne/desse

## I

**ikrafttredelse** ikraftsetjing, iverksetjing | *ved i-n av avtalen* når avtalen tek til å gjelda / blir sett i verk
**imidlertid** likevel, men
**innebære** innebera, tyda | *det i-r at* det gjer at, det vil seia at
**innflytelse** innverknad, påverknad
[n]**inngå** *i- avtale* gjera avtale, skriva avtale, avtala | *i- avtale om* at avtala at | *i- ekteskap* gifta seg
**innlede** innleia (innleier – innleidde – innleidd)
[n]**innvilge** gje, la få, stetta, tildela
**ivareta** ta hand om, ta seg av, ta vare på
**iverksette** setja i verk | *iverksatt* iverksett

## K

**klageadgang** klagerett
**klagemulighet** høve til å klaga
**knapphet på** knapt om, lite (av), liten tilgang på, skort/knappheit/mangel på
**konkursbegjæring** krav om konkurs
[n]**krets** krins
**kun** berre, einast
[n]**kyndig** kunnig **kyndighet** dugleik, (fag)kunne, innsikt, kunnskap

## L

**langsiktighet** langsiktigheit | *mer l-* i planleggingen meir langsiktig planlegging
**lede** leia (leier - leidde - leidd)
**ledighet** arbeidsløyse
**ledsager** (reise)følgje, følgjeperson
**leie** (t.d. eit husvære:) leiga
**leilighet 1** husvære, leilegheit **2** høve | *Han hadde ikke l- til å hjelpe henne* (òg:) Han kunne ikkje hjelpa henne | *ved en annen l-* ein annan gong, ved eit anna høve
**likhet** likskap | *i l- med* til liks med
**lovanvendelse** lovbruk
**lovbestemmelse** lovføresegn [n]**lovbestemt** fastsett med lov, lovpålagd
**lovlighet** å vera lovleg, lovlegheit | *prøve l-en av* prøva lovgrunnlaget/(lov)heimelen/rettsgrunnlaget for
**lovlydighet** lovlydnad
[n]**lovmessig** lovbunden
**lydighet** lydnad
**lønnsomhet** lønsemd
**løpe** (fysisk:) springa, (sjeldnare:) laupa; (overført ofte:) gjelda frå, gå **løpende** etter kvart, fast, samanhangande, ståande, laupande, løpande
**løpetid** frist, nedbetalingstid, laupetid, løpetid

## M

**marked** marknad (ein)
**meddele** melda, kunngjera, gje melding, seia **meddelelse** kunngjering, melding
[n]**medføre** føra med seg, føra til
**medvirkning** medverknad, medverking
**mellomværende** hopehav, mellomvære
**menighet** kyrkjelyd, forsamling, (særleg om ikkje-kristne religionar:) meinigheit **menighetsråd** sokneråd
**merke** (leggja merke til:) merka (merkar – merka – merka); (setja merke på:) merkja (merkjer – merkte – merkt)
**midler – midlene** (flt.) (pengar:) midlar – midlane; (reiskapar:) middel – midla
**midlertidig** mellombels
**mulighet** høve, råd, utveg, mog(e)legheit | *by på store m-er* (òg:) vera svært lovande | *det er m-for* (òg:) det kan henda at, det kan bli
**myndighet** styresmakt; (instans òg:) etat, organ, myndigheit; (kompetanse òg:) avgjerdsmakt/-rett, mynde **myndighetsområde** ansvarsområde, forvalt(n)ingsområde, fullmaktsområde, styringsområde **myndighetsalder** myndig(retts)alder, myndigheitsalder | *ved oppnådd m-* når NN blir myndig **myndighetsutøvelse** maktutøving, styring, bruk av styringsrett, forvalt(n)ing

## N

**nyanskaffelse** nyinnkjøp, nyanskaffing
**nyhet** (i media:) nyhende, nyheit; (noko nytt:) nylaging, nyvinning, nyheit
**nærmere** nær(m)are **nærmest** nær(m)ast

## O

**offentlighetsloven** offentleglova
**ombud** ombod
**omforent** avtala, felles, som det er semje om
**omgivelse** omgjevnad
**omstendighet** omstende, tilhøve | *ikke under noen o-er* ikkje i noko tilfelle, aldri, på ingen måte
**oppad** oppetter | *er begrenset o-* har eit tak, har ei øvre grense
**oppholde** seg halda til, vera
**oppholdstillatelse** opphaldsløyve
[n]**opphøre** bli nedlagd, gje seg, slutta, opphøyra, stengja [n]**opphør** nedlegging, opphøyr, stans
**oppmerksom** merksam, lydhøyr, lyttande; høvisk, omsynsfull | *være o- på* vita om, kjenna

til, vera klar over, vera medviten om, vera merksam på **oppmerksomhet** merksemd | *bli gjenstand for* o- koma i søkje-/rampelyset, bli lagd merke til, bli påakta

**opprettholde** halda ved lag, føra vidare, ta vare på **opprettholdbar** som kan haldast ved lag, liv laga

**opprinnelse** opphav **opprinnelig** opphavleg

**oppsigelse** oppseiing

**oppveie** vega opp (for), få/ta att for

**overenskomst** avtale, semje, overeinskomst

**oversette** setja om, omsetja **oversettelse** omsetjing **oversetter** omsetjar

[n]**overskride** bryta, gå (ut) over, kryssa, sprengja, vera større enn **overskridelse** brot, kryssing, overskriding

**overveiende** for det meste, stort sett

## P

[n]**provisorisk anordning** provisorisk lov, mellombels lovføresegn

**pågå** vera i gang

**påløpe** (om utgifter:) koma på, koma til, samla seg opp **påløpt** *påløpte utgifter* oppsamla utgifter, påkomne utgifter

**påse** sjå til, syta for

**påtalemyndighet** påtalemakt

## R

**rammebetingelse** rammevilkår

**redegjøre (for)** gjera greie for, greia ut om **redegjørelse** utgreiing, framstilling

**rederi** reiarlag

**redskap** reiskap (ein)

**regnskap** rekneskap (ein)

**rettighet** rett | *menneskerettighetene* menneskerettane **rettighetshaver** rettshavar

**rettledning** rettleiing

[n]**rettmessig** lovleg, rettkomen

**rettssikkerhet** rettstrygd, rettstryggleik

**rådighet** råderett, rådvald, rådvelde

## S

**sakkyndig** sakkunnig **sakkyndighet** sakkunne, sakkunnskap

**saksbehandler** saksarbeidar/-behandlar/-handsamar [n]**saksbehandling** saksarbeid/-handsaming/-førehaving

**samt** (og) dessutan, i tillegg

**samtlige** alle

**sannsynlighet** sannsyn, sannsynlegheit; (negativt òg:) fare, risiko | *det er liten s- for at* det er lite truleg/sannsynleg at

**selvangivelse** sjølvmelding

**selvstendighet** sjølvstende

**sikkerhet** trygging, tryggleik, sikkerheit, (øk. òg:) trygd, visse; sikring | *Sikkerhetsrådet* Tryggingsrådet (Merk at *tryggings-*, *tryggleiks-* og *sikrings-* dels blir nytta i *ulike* samanhengar. Slå opp i ordbok og/eller søk på nettet.)

**situasjonsbetinget** situasjonsbunden

**skattelettelse** skattelette

**skattemessig** i skattesamanheng, skatte-

**skikkethet** evne (til), føresetnad(er) for, dugleik, kompetanse, kvalifikasjon(ar), å vera skikka/før (til), å høva til/i

**skyldes** koma av, botna i, ha sin grunn i, ha si årsak i, skriva seg frå

**sted** stad (ein)| *finne s-* bera til, bli halde(n), henda, skje **stedfortreder** avløysar, representant, den som kjem/trer i staden for, varamedlem -kvinne -mann, vara, vikar

[n]**stemme** (verb) røysta stemme (subst.:) røyst **stemmeberettiget** røystefør [n]**stemmerett** røysterett

**stønadsberettiget** med stønadsrett, som har rett til stønad

**størrelse** storleik | *de diskuterte bevilgningens s-* kor stor løyvinga skulle vera, kor mykje dei skulle løyva

**synke** søkka (søkk – sokk – har sokke); (overf.:) falla, minka, gå ned **synkende** (t.d. prisar:) fallande, minkande

## T

**taushetsplikt** teieplikt

**tidsbegrenset** tidsavgrensa, tidbunden

**tilbøyelig** tilbøyeleg | *t- til* (òg:) dregen mot, huga på, viljug til, truande til **tilbøyelighet** dragnad, hug, tendens, tilbøyelegheit | *ha t- til* vera tilbøyeleg til; (òg:) ha lett for

**tilfeldighet** slump(ehøve), tilfelle, tilfeldigheit | *ved en t-* det høvde seg slik at, heilt tilfeldig, tilfeldigvis

[n]**tilføye** leggja til **tilføyelse** tillegg, tilføying

**tilgjengelighet** tilgjengelegheit; tilgang | *ha god t-* ha god tilgang, vera lett tilgjengelig, vera lett å koma til

**tilgodehavende** gjeldskrav, tilgodehav(ande), uteståande

**tilgodese** tilgodesjå, syta for; forsyna, gje (stønad osb.)

**tilhørighet** tilhøyrsle, det å høyra til

**tilrettelegge** leggja til rette

**tilsagn** tilsegn (ei)

[n]**tilstå** vedgå; (t.d. eit gode:) gje, la få, yta **tilståelse** tilståing, vedgåing; (av eit gode:) løyving, tildeling, yting

**tilta** auka, stiga, veksa

[n]**tiltre** byrja, ta til i, bli innsett i; samtykkja, slutta seg til **tiltredelse** tiltreding, byrjing, innsetjing; tilslutning, samtykke

**tilværelse** tilvære; liv

**tre i kraft** (om regelverk:) gjelda frå, ta til å gjelda, bli sett i kraft/verk

**treffe** råka; møta; *t- beslutning* ta avgjerd, gjera vedtak

**tross** *til t- for* trass i

**trygghet** tryggleik

## U

**uaktsom** aktlaus **uaktsomhet** aktløyse

[n]**uansett** same kva/kor

**uavhengighet** sjølvstende

**uberettiget** grunnlaus, urettkomen, ikkje rettkomen, ugrunna, uheimla

**ubesatt** *u- stilling* ledig/vakant stilling

**ubetinget** utan vilkår, vilkårslaus

**uenig** usamd, ueinig **uenighet** usemje, ueinigheit

**uerholdelig** som ikkje kan drivast inn, tapt, uinndriveleg

**uforholdsmessighet** mishøve

**uførhet** uføre, uførleik, uførheit, å vera ufør; nedsett/tapt arbeidsevne

**uforutsett** uføresedd, upårekna, uventa

**ukentlig** for/i veka, kvar veke, veke-

**ulikhet** ulikskap, (i fleirtal oftast:) skilnader

[n]**umiddelbar** beinveges, direkte, straks-

**undersøkelse** gransking, undersøking

**uoverensstemmelse** avvik, mangel på samsvar, mishøve; usemje

**urettmessig** urettkomen, ikkje rettkomen; grunnlaus, rettsstridig, ugyldig

**urimelighet** urimelegheit; meiningsløyse; sjølvmotseiing, mishøve

**urådighet** formyndarskap, råderettstap, verjemål, å vera urådig, urådigheit

**utbredelse** utbreiing, omfang, spreiing

**utferdige** arbeida ut, ferda ut, laga, setja opp, skriva ut, utferda

**utilbørlighet** ufin/uforsvarleg framgangsmåte, misbruk, regelbrot, skamløyse, usømd; (jur.:) å vera utilbørleg

**utilregnelighet** å vera utilrekneleg; (meir spesifikt:) gal(en)skap, sinnssjukdom, vitløyse; medvitsløyse, medvitssvikt | *tiltalte frifinnes pga. u-* fordi han/ho var utilrekneleg

**utløpe** enda, gå ut, vara til, vera gyldig til

**utrede** greia ut **utreder** utgreiar **utredning** utgreiing

**utstede** ferda ut, skriva ut **utstedelse** utferding, utskriving

[n]**uttale** (ofte:) seia, skriva **uttalelse** (formell:) fråsegn (ei); (uformell:) utsegn (ei)

[n]**utøve** bruka, driva, gjera, handheva, setja i verk | *u- innflytelse* ha innverknad på, påverka **utøvelse** utøving, iverksetjing

## V

**valgfrihet** valfridom

**varighet** lengd, tid, varigheit | *ha en v- på* (ofte:) vara (i)

**varsomhet** varsemd, å vera varsam

**vedrørende** om, med omsyn til, som gjeld

**vedvare** vara (ved)

**vegne** *på v- av* på vegner av

**vektlegge** leggja vekt på, vektleggja
**veilede** rettleia **veileder** (person:) rettleiar; (trykksak:) rettleiing **veiledning** rettleiing
**veldedig** samfunnsgagnleg, velgjerds- **veldedighet** velgjerd(sarbeid)
**verdighet** (sjølv)vørdnad, verdigheit | *rettens v-* vørdnaden til retten | *anse under sin v-* halda seg for god til, ikkje finna seg i
**vesentlig** avgjerande, viktig, vesentleg, (ofte:) stor | *uten v-ulempe* utan nemnande/særleg ulempe | *v- mindre* mykje/monaleg mindre **vesentlighet** i *all v- i* hovudsaka, for det meste, stort sett
**virkedag** yrkedag
**virkning** verknad
**virksomhet** verksemd
**viten** kunne, kunnskap, innsikt
**voksen** vaksen
**vold** vald **voldelig** valdeleg, valds-

## Y

**ytringsfrihet** ytringsfridom
**ytterligere** fleire, meir, ytterlegare

## Æ

**ærbødigst** vørdsamt
**ærede** vørde

## Ø

**ødelegge** øydeleggja **ødeleggelse** øydelegging
**økning** auke (ein)
**øremerke** øyremerkja (merkjer – merkte – merkt)
**øvrig** *de ø-e* dei andre | *for ø-* dessutan, elles
**øyeblikk** augneblink (ein), blunk (ein), ei (kort) stund **øyeblikkelig** med det same, omgåande, straks; akutt
**øyemed** aug(n)eméd, føremål, siktemål | *i dette ø-* for dette føremålet, med dette for auga, med tanke på dette, i denne samanhengen

## Å

**åpen** open (eit ope møte – opne dører)
**åpne** opna **åpning** opning **åpenhet** openheit | *vise å-* vera open, vera ærleg

# Nynorske ordlister og hjelpemiddel

## Nynorskhjelp

Olaf Almenningen: *Innføring i nynorsk for høgare utdanning.* Det Norske Samlaget 2006
Olaf Almenningen: *Nøkkel til nynorsk.* Dag og Tid (kompakt nynorskgrammatikk)
Ola Breivega: *Råd for uråd. Vegvisar mellom nynorske minefelt.* Det Norske Samlaget 1993
Jan Olav Fretland: *På saklista. Nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga.* Fagbokforlaget 2006
Jan Olav Fretland: *På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga.* Det Norske Samlaget 2000

## Nynorske ordbøker og ordlister

*Nynorskordboka* på nettet (gratis søkjeteneste): www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html
*Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok.* Det Norske Samlaget 2006

Alf Hellevik: *Nynorsk ordliste.* Det Norske Samlaget 2005
Magne Rommetveit: *Med andre ord. Den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk.* Det Norske Samlaget 2007
Karl Arne Utgård: *Juridisk og administrativ ordliste. Bokmål–nynorsk.* Det Norske Samlaget 2002

## Generelle skrivereglar

Finn-Erik Vinje: *Skrivereglar. Nynorsk.* Aschehoug 2009

## Publikasjonar frå Språkrådet

*Statsspråk* – bladet for godt språk i staten
*Klårspråk* – brosjyre frå språktenesta for statsorgan
*Kansellisten. Ord og uttrykk som kan byttes ut* – brosjyre frå språktenesta for statsorgan

## Nettsidene til Språkrådet

www.språkrådet.no
www.sprakradet.no

På desse sidene finn du mellom anna ei litt lengre administrativ ordliste og eit nettkurs i nynorsk med oppgåver. Du finn òg mykje informasjon om norsk språk, mellom anna generelle skrivereglar og svar på språkspørsmål.

## Prosjektet «Klart språk i staten»

Prosjektet «Klart språk i staten» skal fremja klart og brukarvenleg språk i statsforvaltninga. Prosjektet har eigne nettsider som mellom anna inneheld ei språkleg verktøykasse for skribentar. Noko av stoffet gjeld nynorsk særskilt, og mykje er nyttig for alle – anten dei skriv nynorsk eller bokmål. Nettsidene finn du her:

www.klarspråk.no
www.klarsprak.no

## Språktenesta for statsorgan

Språktenesta for statsorgan er ein del av Språkrådet. Tenesta består av fem rådgjevarar i full stilling.

Dei to hovudoppgåvene våre er å

- arbeida for klarare og betre språk i staten (både bokmål og nynorsk)
- arbeida for jamnare fordeling mellom nynorsk og bokmål i statlege tekstar

Statstilsette kan ta kontakt med oss på stat@sprakradet.no.

**Språkrådet**
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO
Telefon: 22 54 19 50
E-post: post@sprakradet.no

www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

www.klarsprak.no
www.klarspråk.no

Framsidebilete: © Peter Frank / Veer / Scanpix
Utforming: tank.no
Trykk: RK Grafisk
Opplag: 2000 (2009)